

Ingunn Sigrid Haug  
Radøyvegen 1667  
5936 Manger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5540 - 23/61503

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.  
no


Dato:  
09.08.2023

## Svar på spørsmål knytt til planarbeid for deler av Manger sentrum

Syner til dykkar spørsmål i brev datert 28.07.2023 knytt til pågåande planarbeid for delar av Manger sentrum. Slik vi skjønner spørsmålet dykkar er det i hovudsak knytt til konkrete forslag i planen.

Utval for areal, plan og miljø vedtok i møte 24.05.2023 å legge ut planen til offentlig ettersyn. Fleire av dei spørsmåla du ynskjer svar på vil avklarast i det vidare planarbeidet. Vi anbefaler at du tek dette med i din uttale til planen, vi kan også legge dykkar brev av 28.07.2023 til grunn i den vidare handsaminga om dykk ynskjer det. Kommunen anbefaler på generelt grunnlag at dei som blir påverka av eit planarbeid kjem med sine merknader. Dykk har også, som part i saka, klagerett etter at planen er vedtatt av Alver kommunestyre.

Når det gjeld spørsmål knytt til arealbruken i planen, utgjere det regulerte arealet for gbnr. 445/364 om lag 200 m<sup>2</sup>. I eksisterande plan for Manger sentrum er området sett av til fortau og bustad. I planforslaget som nå er på høyring er arealet i hovudsak satt av til anna vegg grunn og fortau. Sjå illustrasjon under.



Som du påpeikar er det ikkje lengre mogleg å for eksempel ekspropriere etter eksisterande plan for Manger sentrum. Men føresegner og plankartet som angir framtidig bruk av arealet

er gyldig fram til planen vert oppheva eller erstatta av ein ny plan. Detaljreguleringa som no ligg på høyring har andre løysningar for tilkomst og kan gjennomførast utan å vera avhengig av reguleringsplanen frå 2008.

Kommunen gav i vedtak 932/22 datert 02.09.2022 løyve til riving av bustad og garasje på gbnr. 445/84. Vedtaket fylgjer som vedlegg. I og med at det ikkje ligg føre andre søknader knytt til eigedommen, har ikkje kommunen tatt stilling til eventuelle andre tiltak tiltakshavar planlegg på eigedommen.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Løyve til riving av bustad og garasje - gbnr 44584 Manger nedre (DokID 1791661)

**Mottakarar:**

|                      |                 |      |        |
|----------------------|-----------------|------|--------|
| Ingunn Sigrid Haug   | Radøyvegen 1667 | 5936 | Manger |
| Ingvard Charles Haug | Radøyvegen 1667 | 5936 | MANGER |